



Gudbrandsdalslaget i Oslo

Organisasjonsnr. 881 471 752

Protokoll frå omfram møte 31. oktober 2013

1. Innkalling, godkjenning og underskrifter.

Omfram møte godkjente einstemmig innkalling og sakliste, som var sendt ut 16. oktober 2013. Jorunn Bleken var vald til ordstyrar og Kjell Austin til å føre protokoll, og Bengt Arild Morken og Knut Hovslien, saman med ordstyrar, vart valde til å underskrive møteprotokollen .

2. Årsmelding pr 31. oktober 2013 for Gudbrandsdalslaget

Omfram møte godkjende einstemmig årsmelding pr 31. oktober 2013.

3 Rekneskap pr 31. oktober 2013 for Gudbrandsdalslaget

Omfram møte godkjende einstemmig det framlagde rekneskapet pr 31. oktober 2013.

4. Oppretting av Stiftinga G-Kultur.

Omfram møte vedtok einstemmig å oppretta Stiftinga G-Kultur frå og med 1. januar 2014 i samsvar med framlegg til stiftingsprotokoll og framlegg til vedtekter.

Omfram møte vedtok einstemmig at laget sine disponible midlar skal gjevast som gave til den nye stiftinga. Gava skal delast i ein grunnkapital på kr. 100.000,- og ein fri kapital på kr. 1.445.889,- (rekneskapstal pr 31. oktober 2013).

Gavebrevet skal ha følgjande ordlyd:

Gudbrandsdalslaget i Oslo, org.nr. 881 471 752, gjev med dette ei vederlagsfri gave til Stiftinga G-Kultur under stifting på kr. 1.545.889,-. Av gava skal kr. 100.000,- utgjere grunnkapitalen i den nye stiftinga, medan kr. 1.445.889,- skal gjevast som stiftinga sin frie kapital.

Av den frie kapitalen kan det gjerast følgjande avsetningar/disposisjonar:

- a) *Inntil kr. 175.000,- kan nyttast til arbeid med skriving og publisering av historia til Gudbrandsdalslaget i Oslo, samt til ivaretaking og oppbevaring av laget sitt arkivmateriale.*

- b) *Inntil kr. 75.000,- kan nyttast til innspeling av og eventuell publisering av utvalde delar av musikkaterialet til Teater G 35+.*
- c) *Inntil kr. 50.000,- kan nyttast til ivaretaking og oppbevaring av lagsfana, soluret frå Skjennungstua og eventuelt andre oppgaver i tilknytning til avviklinga av Gudbrandsdalslaget i Oslo og opprettinga av den nye stiftinga.*
- d) *Av den øvrige frie kapitalen kan styret dele ut inntil 150.000 kr pr år til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen..*

5. Valg.

Det vart føreteke følgjande valg.

a) Styre i stiftinga:

Faste medlemmer:

Lars Ole Ørjasæter
Knut Hovslien
Nils Kårfald
Karen Bleken
Gard Espeland
Kjell Austin

Varamedlemmer:

Jorunn Bleken
Bengt Arild Morken

b) Oppretting av stiftinga:

Til å ta hand om opprettinga av stiftinga på stiftingsmøte valde årsmøtet desse frå styret i Gudbrandsdalslaget i Oslo: Jorunn Bleken og Lars Ole Ørjasæter.

c) Revisor for stiftinga.

Som revisor for stiftinga vart vald Per Amund Brenno, BDO Hallingdal.

6. Oppløysing av Gudbrandsdalslaget i Oslo.

Omframramt årsmøte vedtok deretter einstemmig å oppløyse Gudbrandsdalslaget i Oslo med verknad frå 31. desember 2013, da laget sitt føremål vil bli vidareført av den nye stiftinga.

Oslo, 30 november 2013

Jorunn Bleken

Knut Hovslien

Bengt Arild Morken